



Alver kommune,
Postboks 4,
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Alver kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025

Alver kommunestyre har i møtet 16.12.2021, sak 164/21, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022-2025. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbake-melding om korleis vi vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren i Vestland. I forsøksperioden er Husbanken sine oppgåver for dette fagområdet overførde til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber difor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innafør det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta.

Oppsummering

Kommunen bør ha eit disposisjonsfond på mellom 10 og 15 prosent av driftsinntektene. Fondet bør vere på dette nivået for å ha tilstrekkeleg driftsreserve.

Kommunen er økonomisk sårbar for eit framtidig bortfall av kompensasjon knytt til eigedomsskatt. Kommunen bør vere førebudd på eit slikt framtidig inntektsbortfall.

Kommunen bør gjere tiltak for å oppnå vesentlege betre resultat enn det som følgjer av den førebelse prognosen for i år og økonomiplanen for dei neste åra.

Kommunen sitt gjeldsnivå er høgt. Kommunen bør difor avgrense nye låneopptak i stor grad framover. I den grad lånegjelda aukar i økonomiplanperioden, bør auken vere knytt til investeringar som er fullt ut sjølvfinansierande gjennom auka inntekter.



Budsjett 2022

I førebels rekneskap for 2021 er det eit netto driftsoverskot på kr 81,7 mill. Det utgjer 2,9 prosent av driftsinntektene i 2021. Av netto driftsoverskot er kr 62,2 mill. planlagt sett av til styrking av disposisjonsfondet. Resultatet for 2021 har samanheng med god skattevekst, koronapandemien og mindreforbruk på drifta.

Netto driftsunderskot i budsjettet for 2022 er -kr 41,4 mill. Det utgjer -1,6 prosent av driftsinntektene. Størstedelen av underskotet er planlagt dekt inn med bruk av disposisjonsfond.

Kommunen har budsjettert med kr 864,8 mill. i skatt på eige og inntekt for 2022. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettert med til saman kr 1898,6 mill.

Inntektsprognosen for 2022 er no oppdatert med innkomen skatt i 2021. Budsjetterte inntekter er noko lågare enn den siste inntektsprognosen på kr 1911,3 mill. Dette vil bidra til at netto driftsunderskot kan bli noko mindre enn budsjettert for i år.

Det er budsjettert med kr 106,1 mill. i eigedomsskatt for 2022. Innkomen eigedomsskatt i 2021 var om lag kr 117,4 mill.

Det skal skrivast ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 c for 2022. Det skal også skrivast ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget, med heimel i overgangsregelen i eigedomsskattelova. Som følge av omlegginga av regelverket for eigedomsskatt, er desse inntektene reduserte for kommunen frå og med 2019. Nedtrappinga går over ein periode på sju år. Det er gitt delvis kompensasjon for inntektstapet gjennom rammetilskotet.

Kommunen fekk i 2021 kr 11,8 mill. i utbetaling frå Havbruksfondet. I budsjettet for i år er det innarbeidd ei inntekt frå fondet med kr 29,0 mill.

Det er budsjettert med kr 98,4 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dei ordinære avdraga for i år er berekna til 3,3 prosent av lånegjeld til kommunale investeringar ved utgangen av 2021.

Det er budsjettert med utbytte frå BKK med kr 30,0 mill. Kommunen sin eigardel av aksjane i selskapet er 3,45 prosent. Utbytte i 2021 var kr 31,6 mill.

I 2022 er det budsjettert med brutto investeringar for til saman kr 269,1 mill. Av dette utgjer avgiftsfinansierte investeringar i vassverk og avlaup til saman kr 156 $\frac{3}{4}$ mill. Dei største investeringane elles er i skule, omsorgsbustader og brannstasjon.

Investeringane i vatn og avlaup er planlagt lånefinansierte fullt ut. Dei andre investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med bruk av lån. Dessutan blir dei finansierte med moms-kompensasjon og investeringstilskot m.m.

Det er budsjettert med opptak av startlån til vidare utlån, kr 140,0 mill.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2021 var kr 3,5 mrd. (førebels rekneskap), medrekna startlån til vidare utlån. Dette utgjer 125,6 prosent av sum driftsinntekter i 2021. Lånegjelda var til same tid om lag kr 118.415,- per innbyggjar.



Kr 500 mill. av den langsiktige lånegjelda ved utgangen av 2021 var startlån til vidare utlån. Lånegjeld til kommunale investeringar medrekna vatn og avlaup utgjer difor kr 3,0 mrd.

Økonomiplan 2022 - 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I økonomiplanperioden er det lagt opp til netto driftsunderskot både i 2022 og i 2023 (-kr 27,4 mill.). For dei siste to åra i planperioden er det lagt opp til låge netto driftsoverskot for begge åra, omlag 0,4 prosent av driftsinntektene.

Kommunen sitt disposisjonsfond var kr 339,8 mill. ved utgangen av 2021 (førebels rekneskap). Det utgjer 12,2 prosent av driftsinntektene i 2021. Disposisjonsfondet var ved utgangen av 2020 kr 277,6 mill.

I økonomiplanperioden er det i dei neste åra lagt opp til noko større investeringar utover i planperioden.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har vedteke følgjande måltal:

1. Netto driftsresultat: 3 prosent
2. Storleik på disposisjonsfondet i prosent av frie inntekter: 15 prosent
3. Netto renteberande gjeld i prosent av frie inntekter: Mindre enn 100 prosent

Statsforvaltaren sine vurderingar

Kommunen hadde eit godt resultat for 2021. Resultatet var ekstraordinært og for ein stor del knytt til høg skattevekst og koronapandemien. Resultatet for 2021 er difor ikkje eit uttrykk for at den økonomiske utviklinga i kommunen vil bli tilsvarende positiv i dei komande åra.

Disposisjonsfondet vil på grunnlag av førebels rekneskap for 2021 auke til i underkant av kr 340 mill., eller 12,2 prosent av driftsinntektene i 2021. Kommunen bør ha eit disposisjonsfond på mellom 10 og 15 prosent av driftsinntektene. Fondet bør vere på dette nivået for å ha tilstrekkeleg driftsreserve.

Eigedomsskatteinntektene frå Mongstad-anlegget blir gradvis reduserte i sju år frå og med 2019 som følgje av endringa i regelverket for eigedomsskatt. Det er frå og med 2019 gitt statleg kompensasjon for ein stor del av denne inntektsreduksjonen. Kommunen er i ei særstilling med omsyn til denne kompensasjonen. Av den samla statlege kompensasjonen til kommunane i landet i år på kr 205,8 mill., får Alver kommune i overkant av ein tredel av dette. Kommunen er difor



økonomisk sårbar for eit framtidig bortfall av kompensasjonen. Kommunen bør vere førebudd på eit slikt inntektsbortfall etter den nemnde nedtrappingsperioden for eigedomsskatt.

Eit eventuelt bortfall av denne kompensasjonen vil bli omfatta av overgangsordninga INGAR slik at inntektsreduksjonen vil kome gradvis over nokre år.

I budsjett og økonomiplanen er det lagt opp til store netto driftsunderskot både i 2022 og 2023. Sjølv om netto driftsunderskot i år er venta å bli mindre enn budsjettert, er det pårekna å bli betydelege netto driftsunderskot både i år og neste år. Netto driftsoverskot i økonomiplanen for 2023 og 2024 er låge. Kommunen bør difor gjere tiltak for å oppnå vesentlege betre resultat enn det økonomiplanen legg opp til.

Netto driftsresultat i økonomiplanen er betydeleg svakare kvart av åra 2022-2025 enn det tilrådde nivået generelt for kommunane på 1,75 prosent av driftsinntektene. Alver kommune bør ha netto driftsoverskot som er større enn 1,75 prosent av driftsinntektene på bakgrunn av uvisse om framtidig kompensasjon for reduserte eigedomsskatteinntekter.

Kommunen sitt gjeldsnivå er høgt. Gjeldsnivået må bli sett i samanheng med kommunen sine utfordringar med driftsbalansen, uvisse knytt til reduksjon i eigedomsskatt og pårekna auke i rentenivået. Kommunen bør difor avgrense nye låneopptak i stor grad framover. I den grad lånegjelda aukar i økonomiplanperioden, bør auken vere knytt til investeringar som er fullt ut sjølvfinansierende gjennom auka inntekter. Dette vil vere gebyrinntekter innafør sektor for vatn og avlaup, og dessutan leigeinntekter. I tillegg kjem startlån til vidare utlån.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent